

Norsk etnologisk gransking
Norsk Folkemuseum
Postboks 720 Skøyen
0214 Oslo
E-post: eli.chang@norskfolkemuseum.no

Oslo, februar 2015

Spørjeliste nr. 253

Fadderskap

Den som svarar på lista er samd i at svaret blir arkivert (anonymt) og brukt av forskarar i dag og i framtida. Brukarar av materialet pliktar å verne integriteten til opphavspersonen og eventuelle andre personar skildra i svara.

Fadrane er personar som får eit spesielt ansvar for barnet under dåpen eller liknande seremoniar. Men kva tenker vi i dag er oppgåvene til ein fadder? Og kva for erfaringar har vi med å ha, vere og velje fadrar?

Svara skal brukast i eit forskingsprosjekt om korleis fadderskap blir forstått og praktisert i dag leia av Birgitte Lerheim ved Det teologiske fakultetet, Universitetet i Oslo. Resultata frå prosjektet vil bli publisert som ei eller fleire artiklar i ei bok med andre historiske og aktuelle artiklar om fadderskap.

Skriv gjerne lange og detaljerte svar! Hugs, du treng ikkje svare like mykje på alt, hopp over spørsmål du ikkje kan eller ønskjer å svare på.

For NEG er det innhaldet og ikkje rettskrivinga som er viktig. Svar på det målføret du ønskjer. Det er dine opplevingar og minner vi vil høyre om. Les gjerne gjennom alle spørsmåla i undersøkinga før du byrjar å svare. Send oss svaret i posten eller bruk e-postadressa øvst.

Gode helsingar

*Birgitte Lerheim
førsteamanuensis
birgitte.lerheim@teologi.uio.no*

*Line Grønstad
konservator ved NEG
line.gronstad@norskfolkemuseum.no*

I denne lista spør vi om fadderskap frå tre ulike vinklar:

- **Korleis har det vore for deg å ha fadrar?**
- **Korleis har det vore for deg å vere fadder?**
- **Korleis har det vore for deg å vere med på å velje fadrar?**

Men først har vi nokre innleiande spørsmål:

Om fadderskap

Kva tenker du er oppgåvene til ein fadder?

Kva er viktige eigenskaper for ein fadder?

Kor lenge varer fadderansvaret?

Er det ei ære å bli valt som fadder? På kva måte?

Kva tyder uttrykka gudmor eller gudfar for deg?

Kjenner du uttrykket «luefadder»? Kva legg du i det?

Å ha fadrar

Du kan hoppe over desse spørsmåla om du ikkje har hatt fadrar.

Veit du kven fadrane dine er? Er fadrane dine slekt eller vener av foreldra dine?

Har du ein relasjon til fadrane dine i dag?

Fekk du særskilt omsorg eller merksemd frå fadrane dine på noko vis? Hadde du forventningar til fadrane dine? I så fall, kva var desse forventningane?

Kva gjorde fadrane dine for deg?

- Tok dei deg med på kulturopplevingar eller andre aktivitetar? Sparte dei til deg? Kan du hugse nokre gåver du har fått frå fadrane dine? Samla dei på noko for deg? Kjøpte dei bøker til deg? Kva slags? Fortel!

- Ba dei for deg, trur du? Tok dei deg med i kyrkja eller på kristne aktivitetar? Har den lokale kyrkja, bedehuset eller kristne organisasjonar spela ei rolle i relasjonen mellom deg og fadrane dine? Korleis då? Fortel!

Har det vore usemje eller konflikt knytt til fadrane dine og utøvinga av fadderskapet deira? Fortel!

Å vere fadder

Du kan hoppe over desse spørsmåla om du aldri har vore fadder.

Kor mange er du fadder til? Kva kjønn har fadderbarna? Kor gammal var du då du sto fadder? Kvifor tenker du at du vart vald som fadder?

Måtte du tenke deg nøye om før du sa ja til å vere fadder? Kvifor det? Har du nokon gong sagt nei til å vere fadder?

Kva har du gjort for fadderbarna dine?

- Har du teke dei med på kulturopplevingar eller andre aktivitetar? Har du spart til dei? Kva har du gitt dei som gåver? Har du samla på noko for dei? Har du kjøpte bøker til dei? Kva slags? Fortel!

- Ba du for dei? Tok du dei med i kyrkja eller på kristne aktivitetar? Har den lokale kyrkja, bedehuset eller kristne organisasjonar spela ei rolle i relasjonen mellom deg og fadderbarna dine? Korleis då? Fortel!

Har det vore usemje eller konflikt knytt til det å vere fadder? Har du opplevd forventningar du ikkje kunne fylle? Fortel!

Å velje fadrar

Du kan hoppe over desse spørsmåla om du aldri har vore med på å velje fadrar.

Korleis valde du fadrar for barna dine? Korleis valde du gudmor eller gudfar (den som ber barnet under seremonien)?

Kva har fadrane gjort for barna dine?

- Tok fadrane med barna på kulturopplevingar eller andre aktivitetar? Sparte dei til barna? Kva har fadrane gitt barna som gåver? Samla fadrane på noko for barna? Kjøpte dei bøker til barna? Kva slags? Fortel!

- Ba dei for barna, trur du? Tok dei barna med i kyrkja eller på kristne aktivitetar? Har den lokale kyrkja, bedehuset eller kristne organisasjonar spela ei rolle i relasjonen mellom fadrane og barna dine? Korleis då? Fortel!

Har det vore usemje eller konflikt knytt til fadrane og utøvinga av fadderskapet? Fortel!

Endring over tid

Er fadderskap annleis no enn før? På kva måte? Når hende endringane, og kva har endra seg?

Andre kommentarar

Har du andre kommentarar til temaet eller til denne undersøkinga?

Spørjelite nr. 253

Fadderskap

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING - FØRSTEARK

Fyll ut og send inn saman med svaret.

Namn og adresse blir ikkje gitt vidare til dei som skal forske på svara.

Namn:

Adresse:

Kvar bur du (fylke/kommune):

Fødselsår:

Yrke (evt. før pensjonsalder):

Opplysningane er henta frå (fylke/kommune):